

TILPASSA LØP INDUSTRIMEKANIKER

Prosjektsamarbeid mellom Ulstein, Hareid, Sande og Volda kommune, NAV, Møre og Romsdal Fylkeskommune/ Herøy vgs og MAFOSS, 2019-2022

Metode og opplegg for å styrke læringsutbytte frå praksis

Vedlegg; Læreplan VG2 (skjema med kompetansemål), Gode råd til praksisrettleiar, Råd og tips til praksisdeltakar, døme på Quizlet, agenda og foiler til fellessamlingane i jan/aug 2020

Organisering

Forutanom det som har blitt gjort i klasseromma denne perioden, har vi jobba fram rutiner for kontakt med bedriftene. Dialog og utveksling av konkret informasjon om opplæringsmål, utgangspunkt for deltakaren og læringsutvikling er naudsynt for å få ein raud tråd mellom opplæringa i bedrift og opplæring og undervising i skule.

I januar og august 2020 arrangerte vi fellessamlingar med praksisrettleiarane i bedriftene. Tema for samlingane var ma konkrete kompetansemål, praksiskvardag og utfordringar knytt til den i tillegg til typiske utfordringar opp mot det å ha ein framandkulturell/språkleg praksisdeltakar i opplæring. Det å ha eit felles møtepunkt der praksisrettleiarane fekk "lufte" det dei opplever som vanskeleg og der skule og bedrift fekk snakke saman i forkant av nye semester, var fruktbart. Intensjonen med desse samlingane har vore å skape ei felles forståing av kva som skal til, både i praksis og skule, for at ei slik gruppe lukkast med eit løp som dette, at bedriftene fekk tydeleggjort kva kompetansemål ein jobbar med på skulen desse første 2 åra, og at ein fekk gjort avtalar på korleis kontakten mellom skule og bedrift skal foregå mtp form og hyppigheit (*agenda, tema for fellessamling jan/aug 2020, sjå vedlegg*)

Rutiner for oppfølging i bedrift år 1 og 2.

Forinfo; Praksisen blei dette året sterkt prega av 2 uheldige faktorar; oppstarten måtte utsettast til midten av januar 2020 grunna begynnande nedgang i næringa og store vanskar med å skaffe nok bedrifter som kunne ta imot praksisdeltakarar. Så fekk Noreg nedstenging grunna Covid 19 og alle praksisdeltakarar på tiltak i NAV blei sett ut av praksis frå 14.mars og ca ein måned.

Programfaglærer og prosjektleiar gjennomførte besøk i praksisbedriftene ein gong pr måned i vårsemesteret 2020. Det blei naturleg opphald under Covid-nedstenginga. Praktisk sett foregikk det slik; Lærer hadde nedfelt tid til praksisoppfølging fredagar og prosjektleiar organiserte avtalar med bedriftene via e-post og telefonkontakt. Området bedriftene ligg i er relativt stort, så vi benytta bil for å kome oss rundt til dei ulike. Dei første besøka gjekk i stor grad med på at programfaglærer fekk gjere seg kjend med bedrifta og med kva type arbeidsoppgåver bedrifta kan tilby deltakaren.

Gjennom dialog fekk bedrifta innsikt i kva som til eikvar tid blei jobba med på skulen, og programfaglæraren fekk informasjon om kva deltakaren fekk prøve på jobb, korleis læringsprosessen gjekk og kva deltakaren evt. ikkje var klar for å jobbe med. Dei fysiske besøka har hatt som intensjon å gi skulen sjanse til å auke det læringsutbytte frå praksis reint fagleg og gi bedriftene innsikt i kva som skjedde på skuleverkstaden dei andre dagene i veka.

Prosjektlear har ila desse besøka fått innsikt i det same, men har i tillegg hatt fokus på generell trivsel og i kva grad deltakaren har fungerte sosialt i praksis. Her blei det også overlevert endel av situasjonane/ utfordringane til case/ praksisrefleksjon (*Sjå eiga levering på dette*)

Skulen har vore kritisk til tidsbruk av lærar og har halde fram at fysiske besøk i bedriftene tek for mykje tid til at det er forsvarbart, slik at oppfølging i år 2 har foregått slik: Prosjektlear har gjennomført eitt bedriftsbesøk ila hausten medan lærar har hatt telefonisk kontakt med bedriftene.

Skjema/ kompetansemål/ praksisrefleksjon

På fellessamling med bedriftene i august 2020 gjekk programfaglærar gjennom kompetansemål i Læreplan for VG2. Desse skjemaene har vore utgangspunkt for bedriftene i opplæringa, og saman med prosjektlear har fleire av praksisrettlearane skjematisk forsøkt å samanfalle konkrete arbeidsoppgåver i eiga bedrift inn i same oversikt. Slik får bedrift, skule og deltakar ei meir konkret oversikt over kva ein har vore igjennom av kompetansemål, kva ein ikkje har fått øve på og evt. kva ein ikkje kan tilby øving i på praksisplassen (og evt. må hospitere i anna bedrift for å få oppfylle) Ein vil vidareføre bruken av desse skjemaene det siste halvåret av år 2 (*Sjå skjema i eiga leveranse*)

Bedriftene har også fått ei skriftleg punktliste med tittel “**Gode råd til praksisrettlear**” som skal hjelpe rettlearane i kvardagen med deltakaren dei har i opplæring (*sjå vedlegg*). Lista inneheld korte tips til korleis unngå ma språklege misforståingar, korleis sikre forståing og oppfordring til jamnlege møtepunkt med fokus på deltakaren sin trivsel og faglege utvikling.

Praksisrefleksjon har vore brukt relativt jamnleg i undervisingsøktene med prosjektlear. I stor grad har dette opplegget hatt fokus på dei meir utanomfaglege sidene ved arbeidslivet, og då mest med tanke på at deltakarane i stor grad står langt frå norsk kultur og at dei i større eller mindre grad har manglande systemforståing og lite kunnskap og erfaring frå norsk arbeidsliv (*sjå eiga levering om praksisrefleksjon/ casemetodikk*).

Metode og opplegg for å styrke læringsutbytte frå praksis vil naturleg nok i størst grad dreie seg om programfaga, men her er eit notat med nokre få punkt også frå fellesfaga i år 2. I år 1 brukte norsklærar ein del tekster som spesielt retta seg inn mot industrimiljø og arbeidsliv generelt i Noreg og tenkte tilpassing på den måten inn mot arbeidet med litterær sjanger etc.

Naturfag:

Eit av døma på læring på tvers av teori/praksisfelt er arbeid med foredrag om grunnstoff. Her får deltakar i oppgåve å plukke seg ut eit materiale dei jobbar med i praksis, for så fordjupe seg meir i dette naturfagleg. Er det eit grunnstoff? Kva eigenskapar har dette? Korleis reagerer det på varme/kulde etc. Slike typar teoretisk arbeid vil openbart ha innverknad på deltakaren/eleven si forståing av ulike eigenskapar ved td. metall. Dei skal både på skuleverkstad og på praksisplass forhalde seg til korleis ulike metall oppfører seg ved temperaturendring/sveising/avkjøling etc. Her har lærarane også hatt fin sjanse til å jobbe tverrfagleg.

Engelsk;

Faglærer i engelsk har hatt ei stor utfordring i det at nivåspriket i klassen har vore endå større enn i ei ordinær engelskklasse. Der har elevane alle ei basisutdanning på 10-årig grunnskule inkl. engelskundervising sidan 1.klasse.

I denne prosjektgruppa kjem fleire av deltakarane frå land med lite fokus på andrespråklæring, eller der andrespråket er eit anna enn engelsk. Sjølv om minimumsnivå for inntak her var papir på grunnskule anten frå heimland eller Noreg, ser ein i engelskfaget at fleire har svært dårlege basiskunnskapar.

Yrkesretting: Her har tema vore praktisk språkbruk og produksjon av både skriftleg og munnleg tekst. Praktisk kommunikasjon og bevisstgjerung kring formell og uformell tilpassing av språk og innhald med oppgåver som mellom anna å skrive søknad, CV, halde presentasjonar med yrkesretta innhald, intervjusituasjonar etc. Undervisinga har også fokusert på øving i å uttrykke seg ved bruk av faguttrykk knytt til praktisk arbeid.

Generell engelsk: bevisstgjerung kring kulturforståing og korleis dette påverkar kvardagen og praktisk arbeid.

Quizlet

Som ekstra fagstøtte har prosjektleiar laga jamnlege *Quizletoppgåver* til klassen i naturfag og engelsk i år 2 og nokre slike i programfag i år 1. Quizlet er ein eineståande måte for elevar å jobbe med definisjonsarbeid og innlæring av nytt vokabular. Det opnar for å jobbe læringa gjennom både lesing, skriving og lytting, og ikkje minst er det sjølvinstruerande og enkelt i bruk- ein kan mellom anna laste ned Quizlet på mobiltelefonen til bruke i små pausar og når det elles kan passe.

Programfag

Som nemnt over under organisering, blei det arrangert ei fellessamling der ein samla representanter frå praksisbedriftene. Tilstades var også programfaglærer og tiltaksansvarleg i NAV. Her fekk bedriftene informasjon og høve til samtale rundt faglege kompetansemål for året, samt info om felles utfordringer for ei slik type klasse. Bedriftene fekk også legge fram dei utfordringene dei ulike praksisrettleiarane opplever i møte med opplæring av deltakarane ute i praksiskvardagen. Ein hadde også ei fellesøkt med erfaringsdeling på tvers av bedrifter/ bedriftsområder.

Skjemaet nemd i starten har ei kolonne som i tillegg viser i tillegg kva kompetansemåla bedriftene spesielt må ta ansvar for saman med skulen i løpet av VG2 (*sjå eiga leveranse, Skjema som knyt saman...*)

Bedriftene har også fått link til programfaglæraren sin plan, slik at dei frå veke til veke skal kunne orientere seg om kva tema klassen jobbar med på skulen.

Lærer har nedsett tid til oppfølgingssamtalar med bedriftene og tek med seg innspel frå dei undervegs. Er det noko dei ser deltakarane manglar øving i? Er det kompetansemål bedrifta ser deltakaren har behov for å øve meir på? Deltakarane har til einkvar tid opning for å ta med spm. frå praksiskvardag inn i timane på skulen. Sjå elles over under "organisering" i tillegg til dei ulike vedlegga.

Ann Cesilie Skundberg
Prosjektleder, Ulstein kommune/ MAFOSS
Ulsteinvik, 01.02.2021